

## Tabell A-k

### Utgiftsutjamning o.a. for kommunane 2025

Kolonne 8 viser sum utgiftsutjamning for kvar einskild kommune. Utjamninga består av omfordeling som følgje av skilnader i berekna utgiftsbehov (berekna i kol. 1–4) og omfordeling som følgje av korreksjonsordninga for statlege og private skular (berekna i kol. 5–7). Summen av utgiftsutjamninga er vidare nytta i tabell 2-k, kolonne 2.

Utgiftsutjamninga er berekna på grunnlag av innbyggjartalet per 1. juli 2024. Utgiftsbehovet for 2025 er i sum for landet berekna til om lag 399,3 mrd. kroner, som utgjør 71 672 kroner per innbyggjar, basert på innbyggjartal per 1. juli 2024.

#### Kolonne 1 – Indeks for berekna utgiftsbehov

Utrekning av indeks for berekna utgiftsbehov er dokumentert i tabell E-k. Ein indeks på 1 betyr at kommunen har eit berekna utgiftsbehov lik landsgjennomsnittet. Ein indeks på 1,1 eller 0,9 betyr at kommunen har eit berekna utgiftsbehov som er høvesvis 10 prosent over og 10 prosent under landsgjennomsnittet. Kolonnen er òg vist i tabell E-k, kolonne 27.

#### Kolonne 2 – Berekna utgiftsbehov i kommunen i kroner per innbyggjar

I kolonne 2 er gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov (kol. 2) på landsbasis multiplisert med indeks for berekna utgiftsbehov (kol. 1) for kvar kommune og vist i kroner per innbyggjar.

#### Kolonne 3 – Omfordeling per innbyggjar i kommunen

Omfordelinga per innbyggjar blir vist i kolonne 3, og kjem fram som differansen mellom kolonne 2 og gjennomsnittleg utgiftsbehov per innbyggjar.

#### Kolonne 4 – Samla omfordeling for kommunen (1 000 kr)

Omfordelinga utanom korreksjonsordninga blir vist i kolonne 4 og er rekna ut ved at omfordelinga i kroner per innbyggjar (kol. 3) blir multiplisert med innbyggjartalet i kommunen per 1. juli 2024 (tabell F-k, kol. 2).

#### Kolonne 5 – Trekk for elevar i statlege og private skular

I korreksjonsordninga får kommunane eit trekk i rammetilskotet for elevar som går i statlege og private skular (kol. 5), før samla trekk blir ført tilbake til alle kommunane etter deira del av utgiftsbehovet/kostnadsnøkkelen (kol. 6). For ein nærare gjennomgang av korreksjonsordninga for statlege og private skular, sjå innleiingsteksten i Grønt hefte. Til grunn for trekket ligg elevtala ved statlege og private skular per 1. oktober 2023 (tal frå Kunnskapsdepartementet), jf. tabell F-k, kol. 31–33. Kostnader til skuleskyss inngår ikkje i satsgrunnlaget for korreksjonsordninga.

Tabellen under viser trekkssatsane som blir nytta i korreksjonsordninga i 2025.

Trekkssatsane per elev for korreksjonsordninga i 2025	(kroner)
Vanleg undervisning	133 100
Spesialskular	370 600
Opphald/innlosjerte ved skulen	391 500

**Kolonne 6 – Tilbakeføring av samla trekk**

Samla trekk i korreksjonsordninga for alle kommunar (sum for landet i kol. 6) blir ført attende til kvar einskild kommune etter kommunen sin del av utgiftsbehovet.

**Kolonne 7 – Nettoverknad av korreksjonsordninga for statlege og private skular**

Kolonne 7 viser nettoverknaden av korreksjonsordninga, dvs. summen av kolonnane 5 og 6.

**Kolonne 8 – Sum utgiftsutjamning**

Utgiftsutjamninga, inklusive korreksjon for elevar i statlege og private skular, kjem fram som summen av kolonne 4 og kolonne 7. Talet blir nytta vidare i tabell 2-k, kolonne 2, som tillegg/trekk i innbyggjartilskotet.